



Arkivnr: 2014/13889-95  
Saksbehandlar: Lise Fauskanger Ådlandsvik

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkestrafikksikringsutvalet i Hordaland		20.02.2018

## Trafikksikkerhetshallen i Hordaland - spørsmål om vidare stønad

### Samandrag

I *Handlingsplan for trafikksikring i Hordaland 2014-2017* vart det sett av 100.000 kr årleg til driftstilskot til Trafikksikkerhetshallen i Hordaland. Trafikksikkerhetshallen har i sine årlege rapporteringar til Fylkestrafikksikringsutvalet (FTU) meldt tilbake at midlane har vore eit viktig bidrag.

I Investeringsprogrammet for fylkesvegnettet 2018-2029 vart trafikksikringstiltaka omtalt på eit overordna nivå, og det er opp til FTU å lage ein tiltaksplan for kommande planperiode. Dette inneber at FTU må ta stilling til om Trafikksikkerhetshallen i Hordaland skal halde fram med å få tilskot, og eventuelt kva tilskotet då skal gå til.

**Økonomi:** Ved tilskot må midlane gå av Fylkestrafikksikringsutvalet (FTU) sitt budsjett.

**Klima:** Ikkje relevant.

**Folkehelse:** Ikkje relevant.

**Regional planstrategi:** Ikkje konkret forankring.

### Forslag til vedtak

Trafikksikkerhetshallen i Hordaland får ei løyving på tilskot i 2018 og 2019. Tilskotet for 2018 er på 50.000 kr der 50% av tilskotet er øyremerka arrangement retta mot barn og unge. Tilskotet for 2019 er på 50.000 kr og skal i sin heilskap gå til arrangement retta mot barn og unge.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Håkon Rasmussen  
fylkesdirektør samferdsel

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

### Fylkesrådmannen, 25.01.2018

## Bakgrunn

I *Handlingsplan for trafikksikring i Hordaland 2014-2017* vart det sett av 100.000 kr årleg til driftstilskot til Trafikksikkerhetshallen i Hordaland. Trafikksikkerhetshallen har i sine årlege rapporteringar til Fylkestrafikksikringsutvalet (FTU) meldt tilbake at midlane har vore eit viktig bidrag.

I Investeringsprogrammet for fylkesvegnettet 2018-2029 vart trafikksikringstiltaka omtalt på eit overordna nivå, og det er opp til FTU å lage ein tiltaksplan for kommande planperiode. Dette inneber at FTU må ta stilling til om Trafikksikkerhetshallen i Hordaland skal halde fram med å få tilskot, og eventuelt kva tilskotet då skal gå til.

## Trafikksikkerhetshallen i Hordaland som arena i trafikksikringsarbeidet

Trafikksikkerhetshallen får synleggjort spekteret og alvorsgraden rundt trafikk og trafikksikring gjennom ulike stands, øvingsapparat og utstillingar. Hallen, som vart opna i november 2012, vert til dagleg nytta til av trafikklærarane i Bergen i deira undervisning for førarkortopplæring. Stiftinga har nyleg inngått ein ny ein leigeavtale med Statens vegvesen om at dei får disponere området i ti nye år kostnadsfritt.

Besøkande kan i dag få oppleve bråstoppsimulator, kollisjonsvektsimulator, veltepetter, lastebil (blindsoner), evakuering gjennom bil/bussrute, promille-, motorsyssel-, tunnelevakuering- og ein ettertankestand, samt ein mørkekjøringsmodell. I tillegg er eit Barnas trafikksenter under oppbygging, der det vert sett fokus på barnas trafikkåtferd.

Det vert gjennomført om lag 25 kurs i månaden, og hallen hadde i 2017 om lag 4000 besøkande.

## Spørsmål om vidare stønad frå FTU Hordaland

Trafikksikkerhetshallen i Hordaland opplyser at den økonomiske situasjonen er utfordrande, og dei er tydelege på at støtta frå FTU har vore viktig for hallen. Det har vore peika på at støtta har vore særskilt viktig for å kunne vidareutvikle hallen og realisere framtidige aktivitetsplanar.

## Forankring i nasjonalt og fylkeskommunalt planverk

Regional transportplan Hordaland 2018-2029 (RTP) legg nullvisjonen til grunn, og vektlegg trafikksikringsarbeidet. I RTP er det overordna målet for fylkesvegnettet:

*Hordaland skal ha eit trafikksikkert og framkomeleg fylkesvegnett. Vedlikehaldet av dagens fylkesvegnett skal styrkast med mål om å stoppe veksten i forfallet.*

Vidare har Hordaland fylkeskommune følgjande tre satsingsområde for trafikksikringsarbeidet:

- *Trafikksikringsarbeid i kommunane*
- *Møte- og utforkøyringsulykker utanfor tettbygde strom*
- *Mjuka trafikantar i regionsenter og langs skuleveg*

Ettersom Trafikksikkerhetshallen i Hordaland no har fått ei god forankring i Bergensområdet, og søker å leggje til rette for enno fleire aldersgrupper, kan arbeidet i hallen i enno større grad koplatt til fleire av målsetjingane for trafikksikringsarbeidet i Hordaland.

Det er grunnlag for å seie at ein stønad frå FTU til hallen kan forankrast innanfor nemnde satsingsområde. I tillegg stilte Hordaland fylkeskommune seg bak dei 18 fylkeskommunale tiltaka i *Nasjonalt tiltaksplan for trafikksikkerhet på veg 2018-2021*, der tre av tiltaka konkretiserer arbeid retta mot born og unge.

Aktuelle fylkeskommunale tiltak i Nasjonal tiltaksplan:

- *Fylkeskommunene skal støtte og oppmuntre kommuner og frivillige organisasjonar til å sikre skoleveger og nærmiljø, og skape gode holdningar hos barn og unge.*

Fylkeskommunen har gjennom FTU midlar til trafikantretta tiltak, mellom anna gjennom ulike typar tilskotsordningar retta mot kommunar, skular og barnehagar. I tillegg har fylkeskommunen i RTP løfta fram *Trygge skuleveggar* og *Hjertesone* som særlege satsingsområde. Gjennom fylkeskommunen sitt folkehelsearbeid står ein også oppunder tiltaket. I høve til Trafikksikkerhetshallen sitt arbeid, så kan dette koplast til Barnas trafikksenter, og opplegg for barnehagar og skular.

- *Fylkeskommunene og Oslo kommune vil gjennomføre tiltak for å påvirke til god trafikksikkerhetsatferd hos ungdom i videregående skole.*

Gjennom sitt ansvar for vidaregåande opplæring står fylkeskommunen i ei særstilling i høve til å kunne påvirke fokuset på trafikktryggleik i den vidaregåande skulen. Dette er eit utsett aldersgruppe, med høg risikofaktor. Trafikksikringsarbeidet inn mot denne aldersgruppa må ha ei fast ramme, gjerne i kombinasjon med ulike kampanjar. Trygg Trafikk har fleire gode haldningsskapande kampanjar som fylkeskommunen kan implementere i sine vidaregåande skular.

- *Fylkeskommunene og Oslo kommune vil, i samarbeid med Trygg Trafikk, Statens vegvesen og andre samarbeidspartnere, arbeide aktivt med trafikksikkerhet i russetiden.*

Fylkeskommunen har i mange år hatt eit nær samarbeid med hovudrussestyret, Trygg Trafikk, Statens vegvesen, Politiet og andre samarbeidspartnarar når det gjeld å leggje til rette for trygge rammer rundt russefeiringa.

Når det gjeld begge dei sistnemnde tiltaka så er Trafikksikkerhetshallen allereie ein særleg viktig aktør gjennom førarkortopplæringa, og då særleg for sisteårs elevar. Det er likevel grunnlag for å tru at hallen som opplevingscenter også kan rette seg mot alle elevgruppene i skulen.

#### Ei todeling av tilskotet - drift og arrangement for barn og unge

I førre planperiode var løyvinga fireårig, medan det i denne planperioden (2018-2029), i Investeringsprogrammet, ikkje er teke stilling til korvidt hallen skal få løyving. I eit møte med leiinga i Trafikksikkerhetshallen tidleg i 2018 opplyste dei at Trafikksikkerhetshallen framleis har trong for tilskot til drifta, men at det også er vesentleg for dei å kunne vidareutvikle tilboda i hallen. Dette med bakgrunn i at hallen har hatt ei god framdrift sidan opninga i 2012, og behova for støtte med det har endra seg noko.

I den samanhengen er det planlegginga av Barnas trafikksenter har vorte etablert. Senteret er under oppbygging, og kan ferdigstillast innan 2018. Det vert her lagt opp til å etablere eit enkel gatenett med tråbilar/syklar som borna kan nytte. Type opplegg som vert tilbode vil variere etter kva aldersgruppe borna er i.

Tilboda i hallen høver godt til å gje elevar i ungdomsskulen og den vidaregåande skulen ei kunnskapsbasert innsikt i kompleksiteten og alvoret rundt trafikk. Fleire og betre apparat og stands kan byggje oppunder satsinga på denne aldersgruppa.

For fylkeskommunen er barn og unge er ei sær viktig aldersgruppe innanfor trafikksikringsarbeidet, og dette er ei aldersgruppa som det alltid er viktig å ha fokus på. Ut frå dette kan ei todelt tilskotsløysing vere aktuelt, der den eine delen vert ei støtte til drift, medan den andre vert retta mot born og unge.

Grunnlag for å endre på type støtte ligg i at premissane for hallen er annleis no enn då den vart opna. Drifta er etablert, og aktiviteten aukar. Dette er også bakgrunnen for at det er grunnlag for å gje hallen eit lågare tilskot enn dei fire fyrste åra. Samstundes er det føremålstenleg for Trafikksikkerhetshallen at eventuell støtte er føreseieleg. Dette heng igjen saman med at for å kunne drifte og vidareutvikle Trafikksikkerhetshallen er det trong for meir langsiktig planlegging.

**Fylkesrådmannen sine kommentarar**

For å vidareutvikle Trafikksikkerhetshallen er det behov for ein mest mogleg føreseieleg økonomisk plan, og kva type premissar som eventuelt er lagt til ein stønad. Ut frå det fylkeskommunen har fått opplyst så er behova for hallen noko endra. Dette legg premissane for at fylkesrådmannen no rår til at støtta no vert todelt.

Samanslåinga med Sogn og Fjordane fylkeskommune vil føre med seg endringar på korleis trafikksikringsarbeidet skal utførast, og ikkje minst når det gjeld aktuelle lokale initiativ som får stønad. Ut frå dette er det naturleg at det i 2020 vert gjort ei ny vurdering på korvidt Trafikksikkerhetshallen skal få støtte frå fylkeskommunen.

Ut frå dette rår fylkesrådmannen til at Trafikksikkerhetshallen i Hordaland får ei løyving på tilskot i 2018 og 2019. Tilskotet for 2018 er på 50.000 kr, der 50% av tilskotet er øymerka arrangement retta mot barn og unge, medan tilskotet for 2019 er på 50.000 kr og i sin heilskap skal gå til arrangement retta mot barn og unge.